

## Referat møte nr 02/15 Styringsgruppa for Førdepakken

**Møtedato:** 26. mai 2015 kl 12:00-14:00

**Stad:** Video

**Møteleiar:** Nils Magne Slinde

**Referent:** Dina Lefdal

**Til stades:** Tore Eriksen (TE), Ole-John Østenstad (OJØ), Nils Magne Slinde (NMS), Arve Seger (AS), Ingar Hals (IH), Dina Lefdal (DJL), Oddvar Flæte (OJF)

**Forfall:**

**Kopi til:**

Sakshandsamar/innvalsnr:

Dina Lefdal - 57655706

Vår dato: 26.5.2015

Vår referanse: 2014/057441

Sak nr		Ansvar / frist
6/15	<p><u>Referat frå siste møte</u> Godkjent</p> <p><u>Gjennomgang av oppfølgjingsaker</u> <i>Sak 8/14 Utbyggingsavtaler og rekkefølgebestemmelser</i> Ca. verdi på utbyggingsavtalar per delstrekning er pr. 2015:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Hafstad bydel 28,8 mill. 2015-kr</li><li>• Hafstadflata 8,9 mill. 2015-kr</li></ul> <p>Verdien vil avhenge av når avtalane blir innløyst. Utrekning av dette må då kvalitetssikrast.</p> <p><i>Sak 2/15 Planmidlar/planlegging 2015</i> IH sjekkar om St.prp. for Førdepakken vil gje føringar for kor tid stat, fylkeskommune og kommune skal bidra med midlar. Ny frist til neste møte.</p> <p><i>Sak 3/15 Status KS2. Orientering om møte i SD 24. februar 2015</i> Brev fra Samferdselsdepartementet som syner at E39 Førde er fritekefrå krav om KVU ligg på eRoom; <a href="#">Brev frå SD om KVU og KS1 2014.pdf</a>. I brevet står (s. 2) at det ikkje skal vera KVU for byområde der mesteparten av investeringane er på fylkes- og kommunal veg. I Førde er det (ut frå overslaga) 361 av totalt 1391 mill. kr. som går til riksveg, når vi ser vekk frå bomstasjonar, planlegging og diverse. Hovedvekta av investeringar er på fylkes- og kommunale veger.</p>	IH/9.9.15



Førde kommune



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen

7/15

### Gjennomgang av statusrapport inkl HMS

Statusrapporten er lagt på eRoom; [statusrapport.docx](#). Vi legg til grunn at St.prp vert godkjent i Stortinget i juni 2015.

Vi legg ikkje opp til eigarstyringsmøte med fylkeskommunen for fylkesvegprosjekta i Førdepakken. Dette vert ivareteke gjennom denne styringsgruppa. HMS vil vera fast sak på møta.

Planlegging og prosjektering av dei høgst prioriterte prosjekta tek noko meir tid enn føresett. Første prioritet er å prosjektere bomstasjonane med sikte på utlysing i oktober 2015. Realistisk framdrift er byggestart i januar 2016 og start innkrevjing sommaren 2016.

#### *Bemanning*

Prosjektet lyser internt etter folk før ferien, med svarfrist 4. juni. Dersom det vert behov for det, vil vi lyse ut stillingar eksternt i august 2015.

#### *Økonomi*

Statens vegvesen har sendt rekvisisjonsplan for planleggingsmidlar 2015 til Førde kommune. Vi reknar med å bruke 3,3 mill. kr av dei forskotterte midlane i år.

Bompengeselskapet treng oversikt over kor mykje dei må finansiere i 2015. Oversikt over dette vil bli ein del av bompengeavtalen.

8/15

### Orienteringar

#### *Framdrift*

Sjå sak 7/15

#### *Prosjektstyringsplan*

Den interne prosjektstyringsplanen til Statens vegvesen er lagt ut på eRoom; [PSP Førdepakken rv 0.pdf](#)

Denne vil bli revidert minst 1 gong per år.

Prosjektet vil lage ein framdriftsplan som syner dei viktigaste milepælane. Bompengeselskapet har også interesse i dette



Førde kommune



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen

	<p><i>Utkast til kommunikasjonsplan</i>  Utkast til kommunikasjonsplan ligg på eRoom:  <a href="#">Komm.plan.Førdepakken.doc</a>. Målet med kommunikasjonen til Førdepakken er at folk i Førde skal vite kva Førdepakken er, og kvifor det er viktig at prosjektet blir gjennomført.</p> <p>Informasjonakanalar er nettside og sosiale medium, samt brosjyrer, møter etc.  Alle kan lese gjennom og koma med merknader til Ingar</p> <p>Vi må ha svarberedskap når St.prp blir lagt fram. Dette er først og fremst politisk og lokalt.</p> <p><i>Oppdatering av standardavklaringsdokument</i>  Dokumentet er lagt på eRoom: <a href="#">standard.docx</a>, og syner standard per prosjekt, klargjer føresetnader og prøver å hindre standardglidning. Merknader til Ingar dersom noko er uklart.</p>	<p>Alle</p> <p>Komm., fylkeskomm., bompengeselskap</p> <p>Alle</p>
9/15	<p><u>Vurdering av tilrådingar i KS2-rapport</u>  KS2-rapporten var ferdig og offentleggjort i april. Ingar sine vurderingar av tilrådingane i rapporten ligg på eRoom: <a href="#">vurdering av tilrading ks2.dokx</a>. Dei som er mest relevante for styringsgruppa er utheva.</p>	
10/15	<p><u>Handtering av flaumsone</u>  Etter at bompengesøknaden var sendt, har NVE oppdatert flaumsonekarta for Førde kommune. Ved 200-årsflaum blir alle vegar til sjukehuset stengt.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fv. 484 Vievegen: Vi har teke utg.pkt i å skulle bygge gs-veg, ikkje køyreveg. Løyser ikkje problem med flaum. I så fall må vegen hevast 1,5 meter over ei strekning.</li> <li>• Fv. 481 Angedalsvegen: Vi vurderer at det vil bli minst omfattande å legge tiltak her (eit par parti ved Førdehuset og eit lenger opp.)</li> <li>• E39 Hafstadflata: Her må vi i tilfelle løfte E39 70-80 cm aust for dagens rundkøyning.</li> </ul> <p>Det er beredskapsmessig bekymring for tilkomst til sjukehuset.</p> <p>Prosjektet må koma attende med kostnadsanslag for kva det vil kosta å ta omsyn til dette før det blir teke avgjerd.</p>	<p>IH/31.8.15</p>

11/15	<p><u>Utbyggingsavtale og rekkefølgekrev Hafstadflata</u>          Utbyggjar på tomt mellom Biltreff og Spesialvarer ønskjer å starte bygging i år og vera ferdig sommaren 2016. Det er rekkefølgekrev på bruk av tomta; nytt kryss skal vera bygd først. Dette kjem noko seinare. Kommunen tek opp spørsmål om dispensasjon for rekkefølgekrev med SVV sin plan- og forvaltningsseksjon i Førde. Ingar blir med på møtet.</p>	AS/OJØ
12/15	<p><u>Ymse</u>          OF gjekk gjennom noko av det som kom fram på bompengekonferansen i Kristiansand i byrjinga av mai.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi er usikre på om nye regionale bompengeselskap vil vera klare til 1.1.2016, som er regjeringa sin ambisjon</li> <li>• Takstar og rabttar vil bli avgjort sentralt</li> <li>• Rentekomensasjon for bypakkar er framleis uavklara. Har lite å bety for Førdepakken</li> </ul> <p>Førde kommune tok opp spørsmål om finansiering av løn til kommunen sin kontaktperson i Førdepakken. Dina sjekker korleis kommunar (og evt andre) får dekkja sine kostnader i andre bompengepakkar til neste møte.</p> <p>Svenn Finden starter hjå SVV 1. juni og tek over som avdelingsdirektør på Vegavdeling Sogn og Fjordane 15. juni. Nils Magne opplyser om kven som blir leiar i styringsgruppa når det er avklart.</p>	DL/31.8.15  NMS
13/15	<p><i>Neste møte</i>          9. september kl 12:00-14:00, møterom Angedalen 448 hjå Førde kommune</p>	

